

Lindås kommune
v/ rådmannen i Lindås kommune

2.februar 2016

Overordna analyse og planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Deloitte har i samsvar med utarbeidd prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet starta opp arbeidet med overordna analyse og planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollutvalsforskrifta stiller krav om at det skal bli utarbeidd planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I samband med utarbeidinga av planane vil det bli gjennomført ein overordna analyse for å gi svar på kva område/selskap det er knytt størst risiko til, og kva område/selskap det er mest vesentleg for kontrollutvalet å undersøke.

Kjeldematerialet i den overordna analysen omfattar prosessmøte med kontrollutvalet, dokumentanalyse, intervju med administrative leiarar i kommunen, spørjeundersøking til leiarar og representantar for dei tilsette.

Vi ber om å få tilsendt følgjande dokumentasjon i samband med analysearbeidet:

- Årsmelding for 2014
- Kommunal planstrategi

Vidare ber vi om at vi får oversendt ei liste som syner e-postadresser til alle leiarar i kommunen, samt til hovudverneombod og tillitsvalde.

Vi ynskjer å få tilsendt e-postlista innan 12.februar 2016.

Vi ber om at kommunen peikar ut ein kontaktperson for prosjektet som Deloitte kan samarbeide med for å få vidare tilgang til relevante dokument.

Eventuelle spørsmål om forvaltningsrevisjonsprosjektet kan rettast til prosjektleiar Gunnar Husabø på tlf. 971 82 327, eller per e-post til ghusabo@deloitte.no.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Gunnar Husabø
Prosjektleiar